
Fra: Inger Morken Ellingsen
Sendt: torsdag 12. desember 2019 10.25
Til: Postmottak Alver
Emne: Sak 19/1516 Høyring – vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune

Sak 19/1516 – Høyring – vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune

SMU ved Manger skule har følgjande innspel/merknader:

Pkt 4: Opptaksperiode og oppseiing av plass på SFO

Det bør stå noko om kvar 1. klassingane skal gå frå 1. aug – skulestart. I Radøy har dei gått i barnehagen fram til skulestart.

Vedr 11 månaderstilbodet:

Me ynskjer det presisert at personale frå andre skular som ikkje har 11. mnd, må pårekna å arbeida på skular med heilårstilbod den 11. månaden (eks personale frå Hordabø må pårekna å arbeida på Manger skule den 11. mnd).

Pkt 5. Foreldrebetaling

Bør det stå noko om at for sein henting medfører ekstra betaling/faktura?

Foreldrebetaling for born i 5-7 med særskilde behov: har Alver gjort noko vedtak om at desse foreldre får gratis SFO-plass slik det er i Radøy kommune 2019? Dette bør vedtektene seia noko om.

Pkt 6: Bemanning og leing

«Det skal som regel ikkje vera meir enn 14 barn pr tilsett»:

SMU ynskjer å halda fram med 12 barn pr tilsett, slik Radøy kommune har hatt det.

Generelt:

Bør det stå noko om at kvar SFO skal ha lokale retningslinjer i tillegg til dei overordna? Evt noko om kva desse skal innehalda?

Mvh

Inger Morken Ellingsen

Rektor Manger skule

Radøy kommune

Tlf: 56 34 90 34

VI BYGGJER ALVER KOMMUNE



Heimeside: www.einkommune.no | Fb: www.facebook.com/einkommune